

Radar

2017 nr. 4

Kyrkjeblad for Radøy sokn

33.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840

www.kirken.no/radoy

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sækkingstad
951 41 360

Seniorprest
Thor A. Sommerseth
913 17 559

Trusopplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J. William Kay
915 91 482

Organist II Frode S. Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Eirin B. Åserud-Løvlid
943 36 779

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G. Hvidsten
909 18 214

Nytt frå dagleg leiar

Gåve til trusopplæring

Frå Manger Kvinne og familielag, tidlegare Manger husmorlag, har vi mottatt ei gåve på kr. 20 000 til trusopplæring i Radøy. Leiar Astrid Hagen skriv at laget no er 70 år og at dei vil gje pengegaver til ulike lag før dei legg ned laget.

Husmorlaget var i tidlegare år svært aktivt og det var dei som for 40 år sidan bygde barnehagen på Manger. Den vart sidan seld til Radøy kommune. Hjarteleg takk for gåva!

Samanslåing av kyrkjeleg fellesråd

Kommunane Lindås, Meland og Radøy skal som kjent verta ein ny kommune frå 01.01.2020. Dei kyrkjelege fellesråda skal verte Alver kyrkjelege fellesråd frå same tidspunkt. Noverande fellesråd/sokneråd vil fungere som før fram til 01.12.2019.



Dei tre fellesrådsleiarane Gunnar Kartveit (Radøy), Regine Sagstad Berg (Meland) og Borghild Toft (Lindås)

Proessen har starta og den er svært lik den kommunale prosessen. Vi vil i dette og komande Radar informere om det som skal skje framover. Råda har hatt sitt første fellesmøte 31.august der alle var samla i Knarvik kyrkje.

Kyrkjeleg fellesnemnd

Denne nemnda er sett saman av representantar frå fellesråda i Lindås, Meland og Radøy. Dei har ansvaret for å slå saman dei tre fellesrådsområda. Der sit det også ein representant frå biskopen og ein frå den kommunale fellesnemnda. Nemnda skal ha sitt første møte 28.november.

Fellessnemnda er samansett slik: Frå fellesråda møter Gunnar Kartveit og Grethe Lunde (Radøy), Ivar Eidsheim, Harald Osland Øvretveit og Turid S. Tveit (Lindås), Einar Reigstad og Bent Gunnar Næss (Meland). Prost Geir Sørebo (for prestane/ biskopen) og Bjarte Vatnøy frå kommunal fellessnemnd.

Dei tilsette

Alle tilsette får ny arbeids-gjevar frå 01.01.2020. God medverknad frå dei tilsette er avgjerande for resultatet i alle samanslåingsprosessar. Arbeidet er mykje det same men forskjellar skal utjamnast, rutinar byggjast opp på nytt og vi går inn i ei tid med nye IKT-system som krev opplæring. Så langt har vi i haust hatt ei samling for alle tilsette i Knarvik kyrkje.



Kva skjer med kyrkja lokalt?

Dette er eit grunnleggande viktig tema i denne prosessen. Det er viktig å presisere at sokna består og at Radøy framleis vil ha eige sokneråd. I samanslåingsprosessen vil arbeidet gå som normalt.

Det som også vert viktig er korleis vi skal organisere arbeidet lokalt frå og med 2020. Soknerådet i Radøy har også hatt funksjon som fellesråd. Frå 2020 skal vi velje ein person frå rådet lokalt som skal vere med i Alver kyrkjelege fellesråd. Fellesrådet sine oppgåver er å ivareta kyrkjegardar, kyrkjebygg, økonomi samt vera arbeidsgjevar for alle tilsette med unntak av prestane.

I dag er kyrkja og dei tilsette tett på folket lokalt. Kyrkja må vere der folk er. Slik vert det også i framtida men mykje handlar om korleis det skal organiserast. Dette vert ein del av prosessen og det vert viktig å sikre eit godt lokalt arbeid også etter 2019.

Audun Sylta
Dagleg leiar



Min Salme

Salme 460 i Norsk salmebok, skreve av Heidi Strand Harboe i 1999, med melodi av Carl Petter Opsahl.

Eg pleier ofte læra meg tekstar utenat når eg går i fjellet, og i haust når eg var på Hardangervidda var det denne nye salmen som blei min. Den har ein flott tekst om Kristi nærvær i kvardagen, om å leva midt i livet, og å "finna ørsmå hol i dagen som gjer Kristus sterk og nær".

Marta Grønstad Hvidsten

1 Bortom tid og rom og tanke
finst ein stad der alt er annleis,
finst ein stad der alt er heilagt,
finst ein stad der Kristus er.
Nær min trøytt, redde tanke.
Nær min draum, min lengt, min styrke.
Nær mitt liv og alt eg lever.
Det er godt å vera der.

2 Gjennom ørsmå hol i dagen,
får eg venda mine tankar,
ta eit lite steg til sides,
søkja Herren, han som er,
gjennom tause, mørke bønner,
gjennom lått og gjennom jubel,
leggja fram for Herren Kristus
alt det livet som eg ber.

3 Når eg pustar, når eg tenkjer,
når eg ler, og når eg sørgjer,
finna ørsmå hol i dagen,
som gjer Kristus sterk og nær,
der eg lever midt i livet,
midt i verda, midt i dagen,
ber eg med meg Kristi kjærleik,
det er lys og salt eg er.

4 Jesus, ver i mine dagar,
i alt livet som kjem imot meg,
ver i mine glade timar,
mine skjelvande sekund.
La meg leva sterkt og nakent,
våga sjå og våga høyra,
våga leva midt i livet,
våga trå på heilag grunn.



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus vart fødd i ein stall i Betlehem.



Finne 8 namn frå juleforteljinga!

Åtte personar og stader frå juleforteljinga er gøymde inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover.

S	N	E	K	G	O	P	E
J	E	J	S	A	P	R	I
O	M	O	L	B	H	U	V
N	A	S	A	R	E	T	I
S	R	E	U	I	R	E	N
O	I	F	G	E	O	S	K
K	A	F	U	L	D	N	E
J	U	L	S	I	E	U	L
O	L	E	T	Y	S	T	C
J	E	S	U	S	C	E	O
A	B	I	S	A	L	R	M
B	E	T	L	E	H	E	M

Ein mann

- søkte jobb på sirkus.
- Kva er det du kan, då? spurde sirkusdirektøren.
- Eg kan etterlikne fuglar?
- Det kan jo alle, vi har ikkje bruk for deg!
- Nei vel! sa mannen og flaug sin veg.

Vitsar

Du veit du er blitt vaksen når du har slutta å vekse i begge endar, og berre veks på midten.

Finne 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Engelen fortalde gjetarane at frelsaren var fødd. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida er henta frå bladet.



Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Trusopplæringsarbeid i vinter/vår 2018

Gratulerer med dåpen!

Kjære 10-åring! Har du lyst å leike med vatn? Til å vita meir om namnet ditt? Kvifor lys er så viktig? Vi skal finne ut kva dåp er for noko og kva det tyder å døypast. Det er jo 10 år sidan du ble døypt og det må feirast!

Kom i den kyrkja du vart døypt i:

Sæbø: 14. januar kl 17.00

Manger: 14. januar kl 19.00

Hordabø: 18. februar kl 19.00

Inviter ein eller fleire av fadrane dine eller andre vaksne som du vil ha med på festen.

For at det blir nok kake til alle må du melde deg på: www.kyrkja.no/gratulerer

Godly Play (3 -6 år) i kyrkjestova på Manger



Godly Play er ein «leikande» måte å formidle bibelforteljingar på. Ikkje noko er så fengande som ei god historie. Slik har òg trua vår vorte vidareført, gjennom historiane om Guds folk, menneske som vandra i ørkenen og som opplevde ting Gud gjorde. Borna har ofte mykje glede av å høyre desse forteljingane. Dei rører ved djupe spørsmål om meininga med livet,

om døden, om glede og mykje anna.

Etter nyttår er alle mellom 3 og 6 år velkomne. Vi skal utforske nokre av Jesu sine likningar. Kva er det Jesus talar om? Kva handlar likninga om? Når vi nærmar oss påske skal vi høyre forteljingane om Jesu liv. Kvar tysdag mellom kl 17 og 19. Vi avslutter med kveldsmat kl 18.30 og då er også foreldre/sysken velkomne til å vera med.

Påmelding på www.kyrkja.no/godlyplay

Utdeling av nytestamente

Kyrkja deler ut nytestamentet til alle 11-åringane på Radøy. Også om du ikkje er medlem i Den norske kyrkja vil vi gjerne gje deg dette likevel, og du er velkomen til å ta del på gudstenesta.

Du blir ikkje berre invitert til å kome på gudsteneste men du og klassen din blir invitert til å feira gudsteneste samen med oss. Lyst å ringe med kyrkjeklokkene eller ta opp kollekt? Kanskje du kan lesa ein bibeltekst eller bære prosesjonskorset? Det er mange oppgåver så bli med, du òg! Snakk med læraren din om kva oppgåve du har lyst å ha.

La det gro!

5 samlinger i løpet av 2018 for dei som har fått nytestamente

I gamle dagar pleidde folk på Radøy å så korn som dei brukte til å baka brød. Dette skal vi også gjere, saman med deg, på god gamaldags måte. Vi skal så korn; så skal det haustast, tørkast og malast opp til mjøl i det gamle kvernhuset på Manger. Til slutt skal vi baka vårt eige nattverdsbrød. Medan kornet veks skal vi læra meir om Det nye testamentet og korleis vi kan bruka det.

Fyller du 11 år i 2018 og er klar for ei utfordring?

Påmelding på www.kyrkja.no/ladetgro

Tårnagenthelg 18. februar kl. 14.00–17.00 i Hordabø kyrkje

Har du nokon gong vore oppe i kyrkjetårnet? No har du sjansen!

Kyrkja på Radøy inviterar alle 9-åringar på Radøy til ei helg med spanande oppdrag og uløyste gåter i Hordabø kyrkje.

Påmelding på www.kyrkja.no/tarnagent



Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.



■ Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

■ På overflata ser vi at bile-

tet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugget ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, sveitte og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er sår av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydte frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

Bildetekst: Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017

*Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*



Laurdag 16. desember kl 19 i Manger kyrkje

Radøy damekor inviterar til ein flott og stemningsfull julekonsert, saman med den nye dirigenten vår, Eirin Beate Åserud-Løvlid.

Med oss har vi også tre unge talent frå Bergen domkirkes jentekor, samt den faste pianisten vår William Kay. Fellessong vert det også, så ta med deg songstemma. Vel møtt til ei fin stund i kyrkja! Inngang: Kr 150, born til og med 16 år går gratis.

Ny prest frå Radøy



Søndag 11. juni vart Ingrid Myrtveit Petersen ordinert til prest i Den norske kyrkja. Ingrid er frå Helland på Radøy, og har vore aktiv deltakar i barne- og ungdomsarbeid her. Ho vart ordinert av biskop Halvor Nordhaug, og ordinasjonen fann stad i Erdal kyrkje på Askøy. Der skal ho gjera teneste som ungdomsprest. Ho

vart ordinert i ei G19-gudsteneste, ei gudsteneste på ungdomens premissar, prega av høgtid.

I preika tala Ingrid om at alle som er døypte, er misjonærar, nært eller fjernt. «Men korleis skal me gripa dette fatt?» spurde ho. Svaret hennar var å bruka Jesus som føredøme: «Av og til fortalde han om Gud for store folkemengder. Av og til snakka han meir på tomannhand eller i mindre grupper, og svara på folk sine spørsmål. Av og til viste han Guds godleik og kjærleik gjennom å visa folk oppmerksomheit, lytta til dei, bry seg. Av og til viste han Guds kraft og kjærleik til folk ved å hjelpa dei, helbreda dei sjuke og hjelpa dei fattige. Og det same gjorde Jesus sine disiplar, etter kvart som dei lærte meir og meir og turde meir og meir. Og det same kan me gjera,» sa ho, og held fram:

«Ei av mine største frykter er å ikkje gripa dei sjansane eg har til å fortelja om Jesus, til å vera misjonær. Eg blir meir oppteken av det eg skal rekka, enn å stoppa opp ved nokon som treng meg. Meir oppteken av det eg ynskjer meg, enn dei som treng mine pengar til å overleva. Og eg blir redd for folk, kva dei vil tenkja om meg, kva dei vil seia viss eg fortel dei kva Jesus betyr for meg. Og eg blir redd for at ingenting skjer viss eg ber for nokon. Lista med grunnar til å la vera å vera misjonær, er ganske lang i mitt hovud.

Men det fantastiske er jo at det ikkje er min eller vår misjon, men Gud sin! Det er han som driv det! Ikkje du og eg. Misjonen er motivert ut frå at Gud elsker menneska så høgt! Det står og fell ikkje på deg. Det er ikkje vårt ansvar kva som

kjem ut av det. Jesus har jo lova at han er med oss – og då kan kva som helst skje. Men det er han som får det til å skje. Om folk kjem til tru av det som blir fortald, kan ikkje eg styra. Om folk ser Guds kjærleik gjennom den hjelpa dei får, kan ikkje eg styra. Om nokon vert helbreda etter den bøna eg ber, kan ikkje eg styra. Men eg kan få lov til å stola på Gud, at han er med og gjer det eg ikkje kan. For det er hans misjon. Eg treng ikkje bekymra meg for utfallet av det, men takka Gud for at han let meg, og deg, ta del i hans store og livsviktige plan for at alle skal blir frelste.»

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi i underetasjen i kyrkja, med quiz, overrekking av tenestebrev og helsingar.

Me ynskjer Ingrid lukke til, og Guds signing over tenesta!

Gunnar Kartveit

Utdeling av “Mi kyrkjebok”

Over 30 born fekk utdelt 4-årsbok på helgemessesundag i Manger kyrkje. Dei fekk høyre forteljinga om Den gode hyrde og var med på postludiet saman med organiserten – det vart kjempe fint! Vi takkar for ei flott helg.



Eit barn er fødd



Vesle Ala (10 veker) starta livet i ein flyktningleir i Nord-Irak. Heldigvis har ho storesyster Jyan (5). Saman med Kirkens Nødhjelp gjev vår kyrkjelyd reint vatn og psykososial støtte til familiar som har overlevd herjingane til IS.

Ala vart fødd på helsesenteret i Kabarto, og mamma Nahla hadde ein tøff fødsel. Men alt gjekk bra, og no ligg den ti veker gamle babyjenta og suttar nøgd på smokken i trevugga si. Familien har det bra i leiren, men drøymmer om ei betre framtid.

- Alt eg ønskjer for familien min er at me skal sleppe å vere på flukt og leve i tryggleik, seier Nahla.

Saknar sykkelen

Storesyster Jyan (5) passer godt på vesle Ala. Ho var berre to og eit halvt år den augustdagen for tre år sidan, då IS kom og tok heimen hennar. Den dagen då familien måtte flykte opp på Sinjar-fjellet og ingenting vart det same igjen.

- Eg saknar sykkelen min. Heime hadde eg leikene mine. Eg hadde mange ting. Så kom IS, og me måtte flykte, fortel Jyan.

Då IS angreip jesidiane 3. august 2014, vart rundt 100.000 menneske drivne på desperat flukt i eige land. Jyans familie klarte å flykte opp på Sinjar-fjellet. No er dei blant dei 28.000 jesidiane som har funne tryggleik i flyktningleiren Kabarto i Nord-Irak. Her har Kirkens Nødhjelp sikra reint vatn og gode sanitærforhold for flyktingane sidan 2014.

Bygger ei framtid

IS er no drivne tilbake frå Nord-Irak, men tilbake ligg jesidiane sine heimbyar i grus. For å gje jesidiane moglegheit til å vende tilbake og bygge ein ny framtid i ruinane, trengs det ein stor innsats frå det internasjonale samfunnet.

Det er eit stort behov for vatn, straum, skular og sjukehus. Kirkens Nødhjelp er i gang med å sikre reint drikkevatt i fleire byar, og jobbar også med psykososial støtte til menneska som har overlevd IS' brutale herjingar.

La fleire fylle fem!

I jula feirar me Jesus som vart fødd i ein stall for 2000 år sidan. Vår kyrkjelyd ønskjer

også å løfte fram borna som vert fødde i fattigdom eller på flukt frå krig og katastrofe i verda vår i dag. Dei fem første leveåra er dei aller mest sårbare i eit barn sitt liv, og tilgang til reint vatn er særskild avgjerande for at barn skal overleve.

Saman med Kirkens Nødhjelp bidreg vår kyrkjelyd til at fleire barn får ein tryggare start på livet. På julegudstenesta håper me du vil gje ei gåve til dette arbeidet. Hugs å ta med kontantar til kollekten eller du kan bruke Vipps.

Familiennytt



Døypte

Seremonidato

01.10.2017 Brage Flakke Lie
01.10.2017 Henrik Mangersnes Thilesen
15.10.2017 Magnus Lindberg Storheim
22.10.2017 Oda Steinsland Wollertsen
22.10.2017 Oliver Nesse Dragøy
12.11.2017 Andreas Øvrebo
12.11.2017 Leah Lilletveit Marøy
12.11.2017 Linnéa Yi-Ai Marøy
12.11.2017 Celine Westrum

Døde

Seremonidato

26.09.2017 Aud Oddlaug Espenes
06.10.2017 Dagfinn Birkeland
27.10.2017 Helge Lien
27.10.2017 Magnus Bertin Amundsen
07.11.2017 Willy Karl Johansen



Innkommne offer

Dato	Dag i kyrkjeåret	Offermål	Kontantar	Vipps	Sum
24.09	16. søndag i treeiningstida	Kirkelig dialogsenter Bergen	1 494,00	196,50	1 690,50
01.10	17. søndag i treeiningstida	Amathea	3 023,00	-	3 023,00
08.10	18. søndag i treeiningstida	VID Misjonskolen	1 515,00	196,50	1 711,50
15.10	19. søndag i treeiningstida	Maritastiftelsen	2 520,00	294,75	2 814,75
22.10	20. søndag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn	1 656,00	256,42	1 912,42
29.10	Bots- og bededag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	1 272,00	147,37	1 419,37
05.11	Helgemessesundag	Trusopplæring i Radøy	3 889,00	565,89	4 454,89
12.11	23. søndag i treeiningstida	Institutt for Sjelesorg	2 796,00	245,62	3 041,62

Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk): kr 19 537,17
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år): kr 31 909,63
Offer til andre organisasjonar: kr 92 081,90

Denne perioden
kr 1912,42
kr 4454,89
kr 13 700,74



Blil FADDER til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden

Kyrkjelyden på Radøy driv eit stadig større arbeid blant barn og ungdom frå 0-18 år. I dag har vi 1 medarbeidar i 60% stilling. For å utvikle dette tilbudet må vi ha ein ekstra medarbeidar. Dette vil i første omgang koste ca 130.000 kvart år og då bring vi di hjelp!

Har du lyst til å bli fadder ved å støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden din?

Ja, eg vil gje:

- NOK 89,- per mnd.
- NOK 150,- per mnd.
- NOK 300,- per mnd

Gje det vidare!

FYLL UT SKJEMA PÅ BAKSIDA AV BROSJYREN

Som fadder får du fadderbevis. Du får invitasjon til ånæg fadderfest!

Gjevarteneste til trusopplæringsarbeidet i Radøy sokn

Støtt trusopplæringsarbeidet blant born og unge 0-18 år ved å bli fast gjevar!

JA TAKK! Eg ynskjer å gje gåva mi på kr _____ per måned og gjev Radøy sokn fullmakt til å ta kontakt med min bank for å legge inn et fast trekk. Navn på banken:

Mottakar	Mottakar sitt kontonummer
Radøy sokn	3636 07 04682

Trekk frå mitt kontonummer:
Summen vert trekt den 20.kvar måned

Personnummer, 11 siffer	<input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>
Fyll ut dersom du ynskjer skattefrådrag	
Namn	
Adresse	
Postnummer og stad	
Underskrift	
Stad og dato	

Etter Personopplysingslova av 14.april 2000, informerer vi om fylgjande: Når du støttar kyrkjelyden, vil vi ta vare på informasjon om at du har gitt, og gjer merksam på at du i framtida kan koma til å få materiell frå oss. Vi vil ikkje utlevere namnet og adressa di til andre med unntak av eventuelle krav frå offentlege styresmakter, til domes skatteetaten om eventuelt skattefrådrag.

Ferdig utfylt skjema skal sendast til

DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

Radøy sokn
Idrettsvegen 1
5936 Manger



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



ac coun+or™
AB Økonomiservice AS
Autorisert regnskapsførerselskap
56355580
AB ØKONOMISERVICE AS

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20



REMA 1000
bare lave priser

Manger Senter
07-23 (08-21) 56 37 22 55



Idrettsvegen 3
5936 Manger

Telefon:
56 37 10 38

Nordhordland Begravelsesbyrå as
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no



Vatne
Begravelsesbyrå

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon



Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

26.11 11:00	Manger kyrkje	Siste søndag i kyrkjeåret	Gudsteneste
03.12 11:00	Sæbø kyrkje	1. søndag i adventstida	Gudsteneste, Lys Vaken
10.12 11:00	Hordabø kyrkje	2. søndag i adventstida	Gudsteneste
10.12 14:00	Manger kyrkje	Julekonsert	
10.12 17:00	Sæbø kyrkje	Julekonsert	
16.12 19:00	Manger kyrkje	Julekonsert med Radøy Damekor og gjestar	
17.12 17:00	Hordabø kyrkje	Julekonsert	
24.12 14:30	Emigrantkyrkja	Julaftan	Gudsteneste
24.12 14:30	Hordabø kyrkje	Julaftan	Gudsteneste
24.12 16:00	Sæbø kyrkje	Julaftan	Gudsteneste
24.12 16:00	Manger kyrkje	Julaftan	Gudsteneste
25.12 12:00	Manger kyrkje	Juledag	Gudsteneste
31.12 11:00	Manger kyrkje	Nyårsaftan	Gudsteneste
<hr/>			
07.01 11:00	Sæbø kyrkje	Kristi openberringsdag	Gudsteneste
14.01 11:00	Manger kyrkje	2. søndag i openberringstida	Gudsteneste
21.01 11:00	Hordabø kyrkje	3. søndag i openberringstida	Gudsteneste
28.01 11:00	Manger kyrkje	Såmannssundagen	Gudsteneste, utdeling NT
28.01 16:00	Hordabø kyrkje	Såmannssundagen	Gudsteneste, utdeling NT
04.02 11:00	Sæbø kyrkje	Kristi forklåringsdag	Gudsteneste
11.02 11:00	Manger kyrkje	Fastelavnssundag	Gudsteneste
18.02 11:00	Hordabø kyrkje	1. søndag i fastetida	Gudsteneste, Tårnagentar
25.02 11:00	Manger kyrkje	2. søndag i fastetida	Gudsteneste
<hr/>			
04.03 11:00	Sæbø kyrkje	3. søndag i fastetida	Gudsteneste
11.03 11:00	Manger kyrkje	4. søndag i fastetida	Gudsteneste
18.03 11:00	Hordabø kyrkje	Maria bodskapsdag	Gudsteneste
25.03 11:00	Manger kyrkje	Palmesundag	Gudsteneste

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”*

Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn - www.kirken.no/radoy

Redaksjon: Audun Sylta, J. William Kay

Utforming: J. William Kay • E-post: organist@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik

Billete: Håkon Andersen, Audun Sylta, Kirkens Nødhjelp, Wilco Vogelaar, Pixabay.

